



Styremøte Bø museum

Dag: Onsdag 22. mai 2024

Tid: kl.18.00

Stad: Østerli, ute i tunet

Til stades: Kristin Kleppen, Geir Sønstebø, Jørn Berget, Ellen Schrumpf, Ingrid Smedstad, Kari Lønnestad

Frå drift: Bergit Li

Forfall: Kari Rast Monge

Styret fekk i samband med møtet helse på dagens grunneigar på Østerli, og var inne og såg i hovudbygningen på tunet og smia på oppsida av vegen.

Sakliste

Sak 32/24 Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste godkjent.

Sak 33/24 Godkjenning av referat

Referatet godkjent.

Sak 34/24 Økonomi

Bergit orienterte. Årleg tilskot frå kommunen er undervegs. Ønske frå Atle Tjønnås om kr. 2000 til dekking av utgifter og kr. 1000 i honorar for arbeid som er gjort på ei fele (T. Høydal). Styret har tidlegare vedtak om at evt honorar skal klarerast på førehand, og ønsker at det blir praktisert slik. Ein vil ta opp saka med Atle.

Sak 35/24 Organisasjonsplanen

Forslag til oppdatert organisasjonsplan blei drøfta. Styret skal fortsatt fungere som samlingsansvarleg fram til dagleg leiar blir tilsett.

Vedtak: Organisasjonsplanen vedtatt med enkelte endringar, og med opning for justeringar. Når tilsett dagleg leiar har starta, må planen bli revidert.

Sak 36/24 Tilsetting

Det har kome sju søknader til stillinga som dagleg leiar, og enda kan det kome fleire før fristen 1. juni. Det er fleire kvalifiserte søkarar. Eit tilsettingsutval skal vurdere søknadene.

Vedtak: Kristin, Geir, Ingrid og Bergit utgjer tilsettingsutvalet. Dei set opp søkarliste, vurderer kven som skal bli intervjuet og innstiller til styret.

Sak 37/24 Oppfølging av målearbeidet på Åheim

Målarfirmaet kjem for å starte arbeidet 20. juni. Det trengst ein kontaktperson for målarer, bl.a. for å sikre at han har det han treng av måling og utstyr.
Vedtak: Geir er kontaktperson.

Sak 38/24 Orienteringar

- Dugnadsgruppa er i gang med gjerdet mot elva. Stolpane får mura fundament. Prosjektet er nå truleg nær fullfinansiert med den støtta me har fått.
- Arrangement som har vore gjennomført er kulturkveld for Asbjørn Storesund 7. mai og pilegrimsvandring 20. mai. Komande arr. er kulturtur i samarbeid med turlaget 28. mai.
- Baking med førskulegruppe og DKS-opplegg for 6. klasse står for tur neste veke og framover.
- Det blir ikkje geiter på Kvennøya i sommar, så kommunen må slå der også (det området som har vore slått tidlegare).

Sak 39/24 Eventuelt

Honorar til Bergit: I fjor blei det løyvd kr. !0.000 som godtgjersle til Bergit Li for arbeidet ho utfører. Forslag om å løyve det same i år. Forslaget vedtatt.

«Blått skilt»: Ingrid orienterte. Me har i første omgang fått pengar til fem blå skilt til historiske bygningar. Tre plasserast på museumsområdet og eitt på Bø stasjon. Det femte kan plasserast på ein av bygningane i gata, Skoghaugen og meieriet kan vera mest aktuelle.

Vedtak: Me ønsker blått skilt på meieriet. Bergit kontaktar eigar Inger Marit Egenæs om saka.

Østerli: Geir har sett på den juridiske sida av eit eventuelt sal. Det er ingenting formelt i vegen for at me kan selge, men det må vedtas av årsmøtet, evt eit ekstraordinært årsmøte. Eit evt. sal vil sjølvstundt også vera eit prisspørsmål. Saka vil kome opp på neste styremøte. Aktuelt å halde kommunen ved Hilde Pedersen orientert om saka.

Vedlikehald: Det er behov for å få lagt på plass stein på taket på hovudbygningen. Jørn sørgar for det.

Henv. frå kommunen: Dei vil hente eit fundament til telefonkiosken, som står att ved museet etter at kiosken blei fjerna for lenge sidan.

Utstillingsbygget: Utstillingsgruppa ønsker å gjera nokre endringar ved inngangspartiet, slik at årets temautstilling blir betre profilert der.

Neste styremøte: 18. juni kl 18.00 på Polen.

Ref. Kari L